

# Eksamen

13.11.2020

DRA2002 Teater og rørsle 2 / Teater og bevegelse 2

**Programområde: Drama**

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 5 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p><b>Vurderingskriterier</b></p> <p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekstar som ikkje underbygger løysing av oppgåva eller drøftar problemstillinga, viser svært låg kompetanse i faget. I denne oppgåva vil det bli lagt vekt på fylgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Grad av presisjon i bruk av fagomgrep og terminologi i eksamenssvaret</li><li>• I kva grad øvingar og metodar er passande og relevante</li><li>• Grad av originalitet og kreativitet i bruk av koreografiske prinsipp</li><li>• Kandidaten si evne til å beskrive og drøfte det valde fysiske uttrykket og ekspressiviteten i rørslevokabularet.</li><li>• Kandidaten si evne til å grunngje, reflektere og drøfte val av øvingar og metodar.</li><li>• Kandidaten si evne til å meistre, bruke og integrere fagleg teori i eksamenssvaret</li></ul>

**Du skal svare på begge oppgåvene.**

## **Oppgåve 1**

### **Skapande arbeid**

På skulen din er det inngått eit samarbeid mellom helsesjukepleiar, rådgjevar og musikk, dans og dramalinja.

Du har blitt beden om å lage ei visning under temaet «psykisk helse og mobilbruk».

Du skal leie 1. klasse drama i dette arbeidet (9 jenter og 6 gutar)

Du disponerer skulen sin gymsal til å lage denne visninga.

Du har fått to heile skuledagar til disposisjon før sjølve visninga som skjer dag tre.

Visninga skal vare i ca. 5 minutt.

- Gjer greie for korleis du vil planlegge prosessen og kva for metodar du vil bruke for å skape materialet til dette temaet.
- Gje eksempel på konkrete øvingar du vil bruke i arbeidet.
- Forklar og grunngje kva for koreografiske prinsipp og rørslerelaterte verkemiddel du ville tatt i bruk i denne komposisjonen.
- Drøft valet ditt av fysisk uttrykk i lys av kva du vil at publikum skal oppleve.
- Drøft dei valde metodane og fysiske uttrykk i lys av to ulike tradisjonar og retningar innan rørslefaget.

## **Oppgåve 2**

### **Fysisk grunnlagstrening**

Undervegs i prosessen merkar du at klassen ikkje er fokusert og slit med å konsentrere seg om arbeidet. Du legg derfor inn ei økt med fokus på konsentrasjon.

Beskriv to ulike konsentrasjonsøvingar som kvar varer i cirka 20 minutt.

- Beskriv detaljert korleis du vil utføre dei to øvingane.
- Utdjup kva som gjer at desse øvingane er bra for konsentrasjonen i høve til det arbeidet du gjer med klassen.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p><b>Vurderingskriterier</b></p> <p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekster som ikke underbygger løsning av oppgaven eller drøfter problemstillingen, viser svært lav kompetanse i faget. I denne oppgaven vil det bli lagt vekt på følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Grad av presisjon i bruk av fagbegrep og terminologi i besvarelsen</li><li>• Grad av egnethet og relevans i valg av øvelser og metoder</li><li>• Grad av originalitet og kreativitet i bruk av koreografiske prinsipper</li><li>• Kandidatens evne til å beskrive og drøfte det valgte fysiske uttrykket og ekspressiviteten i bevegelsesvokabularet.</li><li>• Kandidatens evne til å begrunne, reflektere og drøfte valg av øvelser og metoder.</li><li>• Kandidatens evne til å beherske, bruke og integrere faglig teori i besvarelsen</li></ul>

**Alle oppgaver skal besvares.**

## **Oppgave 1**

### **Skapende arbeid**

På din skole er det inngått et samarbeid mellom helsesykepleier, rådgiver og musikk, dans og dramalinja.

Du har blitt bedt om å lage en visning under temaet «psykisk helse og mobilbruk».

Du skal lede 1. klasse drama i dette arbeidet (9 jenter og 6 gutter)

Du disponerer skolens gymsal til å lage denne visningen.

Du har fått to hele skoledager til disposisjon før selve visningen som skjer dag tre.

Visningen skal vare i ca. 5 minutter.


- Gjør rede for hvordan du vil planlegge prosessen og hvilke metoder du vil bruke for å skape materialet til dette temaet.
- Gi eksempler på konkrete øvelser du vil bruke i arbeidet.
- Forklar og begrunn hvilke koreografiske prinsipper og bevegelsesrelaterte virkemidler du ville tatt i bruk i denne komposisjonen.
- Drøft ditt valg av fysisk uttrykk i lys av hva du vil publikum skal oppleve.
- Drøft dine valgte metoder og fysiske uttrykk i visningen i lys av to ulike tradisjoner og retninger innen bevegelsesfaget.

## **Oppgave 2**

### **Fysisk grunnlagstrening**

Underveis i prosessen merker du at klassen er ufokusert og har vanskeligheter med å konsentrere seg om arbeidet. Du legger derfor inn en økt med fokus på konsentrasjon. Beskriv to forskjellige konsentrasjonsøvelser som hver varer i ca. 20 minutter.

- Beskriv detaljert hvordan du vil utføre de to øvelsene.
- Utdyp hva som gjør at disse øvelsene er bra for konsentrasjonen i forhold til det arbeidet du gjør med klassen.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)